

## Julebrev til innbyggjarane

Jula 2018

Det er no ei stund sidan eg har fått skrive brev til innbyggjarane, og det har ei enkel forklaring. Det har vore ein travel haust. Det melder seg stadig nye saker, og ingen dag er lik. Det er det som gjer det så utruleg spennande men og uforutsigbart. Men alt i alt skal me alle væra takksame for at det faktisk skjer så mykje, det tyder på utvikling!

JULI:

Sjølv om juli normalt er ein måned som høyrer sumarferien til så må ein ut på eit par oppdrag. I år var eg invitert til Dialektleiren som går av stabelen kvar sumar i Hemsedal. Eg var utfordra på å halde eit opplegg der eg, på dialekt, lærte både dei yngste og dei eldste på leiren noko nytt. Mitt bidrag vart fyrstehjelp, og kunnskap om krøppen – på halling☺ Utruleg flott å sjå så mange unge som ynskjer å svalle halling og ikkje minst å sjå eldsjelane som står bak i aksjon!

AUG:

Sumarferien gikk brått over i arbeid, og det fyrste på agendaen var radiointervju med P1 + der min jobb var å fortelje mest mogleg om Gol på kortast mogleg tid! Programmet heitte Ordførarstafetten.

Som foregåande år deltok eg på slåttan på Renslo. I år var me fleire og det gjekk unda i ein fei!



Så venta litt meir teoretiske oppdrag, og fyrstemann ut var Regionrådet si deltaking i Helsedirektoratet med presentasjon av vårt felles prosjekt Livskvalitet. Hallingdal ynskjer å vete meir om korleis innbyggjarane våre har det slik at me meir treffsikkert kan legge til rette og utføre tiltak som aukar attraktiviteten for å koma og bli i Hallingdal!

Så var det tid for opninga av Herad Barnehage. Med fullt hus av glade barn var det lett å få hjelp til nedtellinga av snorklyppen. Med eit fantastisk uteareal og med godt fungerande bygg var me alle skjønt einige om at dette vart ein bra barnehage!

SEPT:

Så la me sumaren burt og tok imot hausten i september! Månaden starta med friluftslivets veke der mange aktørar både innan og utanfor kommunen samarbeida om gode friluftsalternativ kvar einaste dag! Det var fyrste gongen me la ned ein del arbeid i dette, og som venta var oppmøteprosenten forholdsvis låg, men med eit enormt potensiale til neste år! Takk til alle som bidrog til å legge til rette for mange og varierte friluftaktivitetar!

Etter å ha sett gode eksemplar frå kommunar i nærleiken men og lengre unda, så sette me i Gol kommune oss ned for å finne løysingar for ei utlånsordning av gratis aktivitetsutstyr i Gol. Dette var jobba med vidare med heile hausten og i desember sendte me ut søknader for å sikre finansiering til tiltaket samstundes som me framleis jobbar med korleis me kan organisere tilbodet.



Ein av nyvinningane denne hausten vart opna i september, nemleg Pumptracken utanfor gamle Gol Ungdomsskule. Med ein heil haug med ungar så sette også eg utfor i løypa, men kom ikkje lenger enn halvegas før eg syntes det vart litt for utfordrande. Men for meg var det mest moro å sjå koss alle ungane kosa seg, utfordra seg og samkøyrd seg i bruken av

anlegget. Dette er eit viktig tilskot for dei som driv eigenorganisert aktivitet, men og for dei besøkande til Gol!



Som avslutning på friluftslivets veke fekk eg æra av å opne turskiltprosjektet på Søråsen. Det var imponerende å sjå kor mange km stigar og vegar som no er skilta og tilrettelagt for både innbyggjarane, hyttefolket og besøkande i Gol. Og for ein dugnadsinnsats! Ja, det er rett som dei seier. I saman får me til meir!

Litt samferdsle vart det også denne hausten der Regionrådet samla snakkar Vegpakke Hallingdal si sak. Me hadde eit møte med Buskerud Fylkeskommune og Statens Vegvesen på Tyrifjorden Hotell der me saman prøvde å finne løysingar og vegen vidare for prosjektet.



Så bar det litt lengre enn til Tyrifjorden kan du si. Heile Regionrådet tok turen til Brussel, EU sin hovudstad. Her lærte me mykje om både EU og EØS, og ikkje minst så fekk me gode kontakter med Oslo Regionens sine medarbeidarar samt andre aktørar frå andre land med same utfordringsbilde og moglegheitsbilde som Hallingdal. Det var gjennom fylkeskommunens medlemskap me fekk nytte det store nettverket som spring ut frå Oslo Regionens sine kontor, og her er det både spanande samarbeid og pengar å hente.

Det hender tidt og ofte at eg får spørsmål om å delta i ulike konstellasjonar, og i haust fekk eg spørsmål om å delta i prosjektet Hallis. Dette prosjektet handlar om korleis me som kommunar i Hallingdal kan både rekruttere nye, men og sikre dei legane me allereie har, og at dei får moglegheiter til å fylle opp sin kompetanse lokalt, ved Hallingdal Sjukestugu. Eit viktig og spennande prosjekt!

Tradisjonen tru gjekk årets Fårefestival av stabelen for niande gong på Gol med storfint besøk av både handverkarar, bønder og sjølvaste landbruksministeren. Ein særers fersk ein, må leggjast til. Men paneldebatten i lavotelte var givande og sette fokus på ei av dei største næringane her i Hallingdal. Neste år er det jubileumsår som garantert blir markert på godt vis.

Å sikre eit godt tilbod til gründerar er ei av oppgåvene me i kommunane tek på alvor. Difor brukar me både tid og ressursar på å få til dette, saman. Hallingdal Etablerersenter yter gratis tjenester til gründerar i heile Hallingdal. Dei har og i det siste teke initiativ til ein møteplass som rullerar mellom kommunane, og fyrste møte gjekk av stabelen på Gol i DBC-senteret.

OKT:

Lengre inni hausten sette me av tid til ein ordentleg arbeidsdag for regionrådet og rådmannsutvalet i ei fells samling på Kamben. Arbeidsdagen var nytta til å jobbe fram konkrete tiltak og retningar me må jobbe med for å møte dei utfordringane som trugar.

Ein anna initiativ som er interessant sett frå eit næringsperspektiv er det nyoppstarta Lederforumet i regi av HallingExpo. Her møter leiarar andre leiarar og diskuterer korleis ein best mogleg styrer ei verksemnd og ikkje minst korleis ein får verksemnda til å gjere det bra med dei folka ein har. Spennande og naudsynt påfyll for meg, og for mange andre slik det høyrtes ut på attendemeldingane.

Haustens faste innslag med budsjettkonferansa gjekk og av stabelen i oktober. I år hadde me ein noko annleis vri, der me setta av godt med tid til å diskutere ei løysing for å få til «Omsorgsløftet».

Partia satt saman men og i miksa grupper for å finne ut korleis me kunne finne dei rette prioriteringane og pengar til gjennomføring. Som me alle no veit, fekk me det til – til slutt 11.12.18☺

Endå ein nyvinning i kommuna vart opna i oktober. Rulleskøyteanlegget på Glitre myldra med skøyteglade barn, unge og vaksne denne dagen og vart feira med talar, kake og saft. Eit flott tilskot til all anna aktivitet ein kan gjera på Gol! Og igjen- for ein dugnadsinnsats!

Ei av dei meir interessante konferansene eg har vore på i haust gjekk av stabelen lokalt. Nemleg fagdagen med tema «Utenforskap» på Pers Hotell. Ein utruleg flott dag med masse ny lærdom og ikkje mist inspirasjon til å jobbe vidare for å forhindre dette.

Ein av representantane i Råd for eldre og menneskjer med nedsett funksjonsevne tok initiativ til ei befarig gjennom Gol sentrum for å vise kva ein bør gjera noko med for å legge betre til rette for alle, men og kva som er bra. Dette gav nokre aha-opplevelsar samtidig som det var godt å sjå at mykje også er på plass. Det er så flott når det blir tatt slike initiativ – takk Toril!

Frå januar 2019 treff samhandlingsreforma også pasientar innan psykisk helse og rus. Det betyr at me kommunar må ha eit godt tilbod for denne gruppa umiddelbart når dei er utskrivningsklare frå spesialisthelsetenesta. Dette må me ta innover oss og breie ut tilbodet. Difor er det gledeleg når andre kommunar tek initiativ til å tenkje nytt og kreativt. Det er kommunane nord-vest for oss som fram til no har utforska litt moglegheitene for å samarbeide om dette tilbodet og i 2019 vil me gå vidare for å sjå om dette er riktig skritt for vår kommune å ta.

Ein av dei beste dagane på jobben i oktober var likevel på opninga av gapahuken og utedoen på Renslotunet. Og grunnen til at dette var ein god dag var for det fyrste at desse elementa er laga av Ål vidaregåande skule ved bygglinja. Utruleg godt handverk og ikkje minst inspirerande for barn og unge i Gol å sjå ungdom som i kraft av si utdanning bidreg attende til lokalsamfunnet. For det andre er det godt å sjå at kommuna vår legg til rette for at innbyggjarane kan nytte slike flotte grønne lunger til å flytte aktiviteten deira ut, eller berre nyte naturen i bygda. Takk til alle som bidrog med prosjektet!

Når Hallingtinget skulle haldast var det Gol sin tur til å væra vertskap. Me ba inn representantane til ordinært møte i Gol skule inne i aulaen for så å ta lunsj med omvisning i Gol idrettsarena etterpå. Det var kjempekjekt å vise fram våre nyaste satsingar og attendemeldingane var gode! Takk til restaurant og matfag ved Gol VGS som serverte oss!

Ein annen interessant dag på jobben var då Forum for hyttekommunar for fyrste gong var arrangert på Flå. Her kom det fram masse god informasjon men og eksemplar på gode tiltak å gjere i hyttekommunar for å både takle utfordringane det tek med seg å væra hyttekommune men og å utnytte moglegheitene!

Frå 01.01.19 har me fått ny fylkesmann, og ho heiter Valgjerd Svarstad Haugland. Ho fekk me besøk av for fyrste gong på Gol i oktober der me og fekk høve til å fortelja om oss sjølve men og våre forventningar til samarbeidet framover. Med ein ny fylkesmann kjem eit nytt samarbeid, og rammene er også noko forandre. Fylkesembetet rommar no både Viken og Oslo, og skal ha hovudsete både i Drammen, Moss og Asker. Men me er no allereie blitt godt kjende og må berre nytta tida på å bli endå betre kjent for å samhandle på best mogleg måte.



NOV:

Det er alltid vanskeleg å seie nei, men nokre gonger så går berre ikkje logistikken opp! UngInvest eller Arbeidsinstituttet avd. Hallingdal opna på Gol i gamle Gol skule 01.11.18. Eg fekk diverre ikkje til å vera tilstade men det var det MANGE andre som fekk til. Etter det eg høyrer var dette ein sær sars vellukka dag med god informasjon om tiltaket og ikkje minst vart arrangementet ein god arena for nettverksbygging for dei som driv med same brukargruppe. Det blir utruleg spennande å sjå korleis avd. Hallingdal løyser oppdraget, men ein ting er sikkert, dette heier me alle på for alle ungdommane våre!



Imponert, rørt og ufatteleg stolt er dei orda som best beskriv mi oppleving av Hallingdal Fotballklubb sin fotballfest som eg på mange måtar må få si vart damenes aften! Fantastiske resultat både i bredde og topp var det som sto på agendaen, og ein stor innsats mot eit likeverdig tilbod mellom gutar og jenter vart trekt fram spesielt. Det var utruleg kjekt å få helse til dikko alle denne kvelden!



Eit anna oppdrag der eg skulle helse til forsamlinga var på fagdagen med Fagskule demensomsorg og alderspsykiatri. Med fire studentar frå Gol, men mange fleir frå heile Hallingdal så prøvde eg å setja ord på kor viktig det er for kommunane att me har tilsette som både brukar tid og ressursar på å lære seg noko nytt og nyttig for arbeidsplassen. Noko som både er bra for den enkelte tilsette, men og for dei andre på arbeidsplassen som både blir nysgjerrige og inspirerte, kanskje til å ta etterutdanning sjølve. Dette er utruleg viktig no, og i framtida. Studenten Gro Jordheim frå Gol heldt eit gliitrande innlegg om korleis reisa har vore og korleis det er å lære seg noko nytt, også etter å ha jobba ei stund. Fantastisk!

I november var eg også beden på medarbeidarfest, som i utgangspunktet er ein takkefest til alle dei frivillige som hjelper kyrkja i sitt arbeid. Eg var utfordra i ein intervjusituasjon på scena om å dele mine tankar om frivilligheit generelt og spesielt i Gol. Dette var ein av dei varmaste kveldane eg har vore med på, og seint vil gløyma. Så mange gode folk det bur i Gol!



Eit adrenalinfylt og «to-the-point» møte med Viken politikarar men og deira representantar frå den politiske arbeidsgruppa nr. 6 «Samfunnsutviklarrollen» Dei fekk møte både elevar, rektorar, lærarar og kommunen der me alle poengterte kor viktig det er for Hallingdal at Gol og Ål vidaregåande skuler eksisterer med sine tilbod også i framtida.



Mållaus, vart eg rett og slett, då eg fekk vera med på opninga av Rotary sitt bildeprosjekt på Helsetunet. Eg utfordra dei våren 2018 på å laga til ein bildeserie som kunne koma både bebuarar og pårørande til gode på Helsetunet. Ein bildeserie som kunne vekke minner men og starte gode samtalar i kvardagen. Og gjett om eg fekk svar på utfordringa. Eg er imponert over jobben som er gjort, og over kvaliteten av det Rotary leverte. Gratulerer til bebuarane og pårørande, og takk til Rotary Gol!

Det nyttar ikkje å sitja å sutre, men det nyttar å vera framoverlent og ambisiøs! Det er forøvrig ein god betegnelse på møtet Regionrådet hadde med kommunalministeren Mæland på Sokna. Våre visjonar i Viken kom tydeleg fram og me var innstilt på å diskutere moglegheiter. Eit særst godt møte!



Hovudutvalet i Buskerud fylkeskommune for samferdsle møttes på Geilo og inviterte alle seks kommunar i Hallingdal til ein rask presentasjon av trafikkarbeidet men og trafikktfordringane i kommunane. Tilstade var og blant anna Statens Vegvesen, noko som gav gode dialogar.



Eit god initiativ vart tatt då alle politiske parti i Gol bestemte seg for å ha ein rekrutteringskveld for lokalpolitisk arbeid på kafe Makalaus. Sjølv om oppmøtet ikkje var heilt suverent så betydde det mykje for dei som faktisk kom. Attendemeldingane frå dei var at dette var nyttig og dei etterspurde faktisk fleire slike initiativ. Og det blir det kanskje noko av 😊



Ikkje berre gav kommunen pengar til Visit Gol for å utarbeide ein Masterplan for sykkel i kommunen, det gjorde jammen fylkeskommunen og! 400 000,- er ein god start for å få på plass noko som kan auke både buattraktiviteten i Gol men og reiselivet! Med eit god besøk oppstartsmøte så har eg verkeleg trua på at dette skal me få til på Gol!



DES:



Utan pustepause så fortsatte desember der november slapp, og fyrst ute var ein Workshop om utviklinga av Hallingmo-området. Her møttes politikarar, idrettsfolk og andre interessantar for å tenke høgt og stort om vegen vidare. Ein veldig interessant kveld!

Alle partar (BFK, SVV, Bane Nor og kommunane) er med vidare når me tek Vilt og trafikkprosjektet eit hakk vidare. Me hadde julelunsj på Kjerstis og la ein slagplan for vegen vidare i prosjektet!

Budsjettsaken i kommunestyret gjekk bra. Den var godt dekket i lokalavisa, og ja, det var vemodig å kjenne på at detta var desse lokalpolitikaranes siste budsjett i lag. Me har gjort store tunge investeringar, med har gjort harde og sylskarpe kutt men me har kome ut att på andre sida med ein sunn økonomi og ei like stor sparebøsse som då me starta. Det er stort og gir handlingsrom framover sett ifrå mine auge!

Det er alltid kjekt å møte dei tilsette å få høve til å takka dei for deira innsats i året som har gått og ikkje minst, få ynskje dei ei god jul! Med blinkesko og rådyrøyrer prøver rådmannen og underteikna og skapa julestemning ute på avdelingane no rett før jul!

Og med dei orda har eg og lyst til å nytte anledninga til å ynskje alle innbyggjarane i Gol ei riktig god og fredful jul og eit godt nytt år når me startar 2019! Eg gler meg til å setje handbrekket på for ei lita stund for så å gire oppatt rett etter jul!